

DALBYGDA VINDKRAFT AS  
c/o Øyvind Hellerslien Dalbygda 115  
5567 SKJOLDASTRAUMEN

**Vår dato:** 03.07.2022

**Vår ref.:** 201103633-100 Oppgi ved førespurnad

**Dykkar ref.:**

## **Dalbygda vindkraftverk – Konsesjonen har bortfalt**

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) opplyser med dette brevet at konsesjonen for å bygga og driva Dalbygda vindkraftverk har falle bort. Vindkraftverket vart ikkje realisert innan tidsfristen som vart satt som eit vilkår i anleggskonsesjonen.**

Dalbygda Kraftsenter AS fekk konsesjon av NVE til å bygga og driva Dalbygda vindkraftverk den 15.12.2014.<sup>1</sup> Konsesjonsvedtaket vart påklaga og sendt til Olje- og energidepartementet (OED) for endeleg avgjerd. OED stadfesta NVEs vedtak den 06.04.2017.<sup>2</sup> Vindkraftverk var planlagt i Tysvær kommune, Rogaland fylke.

I anleggskonsesjonen av 15.12.2014 vilkår 1 står det at anlegget «må være satt i drift innen 31.12.2020». Vidare står det i vilkår 3, tredje avsnitt, at konsesjonen «bortfaller dersom fristen for (...) idriftsettelse ikke overholdes».

Dalbygda vindkraftverk vart ikkje sett i drift innan fristen for idriftsetting 31.12.2020, og konsesjonen har dermed falle bort.

Dette er ikkje eit enkeltvedtak som kan påklagast.

Med helsing

Svein Grotli Skogen  
seksjonssjef

Thomas Mo Willig  
overingeniør

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*

---

<sup>1</sup> NVE ref. 201103633-77

<sup>2</sup> NVE ref. 201103633-91



**Mottakarliste:**

DALBYGDA VINDKRAFT AS

**Kopimottakarliste:**

ROGALAND FYLKESKOMMUNE

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

TYSVÆR KOMMUNE

STATNETT SF

Dalbygda Kraftsenter AS - Øyvind Hellerslien

FAGNE AS

Randi Rettedal